



Sola – frodige gardar og fiske, fly og forsvar

INGER SMIDT OLSEN



Sola kommune ligg på Nord-Jæren. I dag er kommunen mest kjend for flyplassen og 5 km lange sandstrender ut mot Nordsjøen. Her er bølgjande morenelandskap og knausar og berg som stikk opp i dagen. I sør grenser kommunen til Klepp, til Sandnes i aust og til Stavanger i aust og nord. I vest ligg Nordsjøen som har skapt livsgrunnlag for utallige generasjonar. Sola kommune strekkjer seg over 69 km². Ved årsskiftet 2009–2010 var det 22 831 innbyggjarar i kommunen.

Namnet Sola er mellom dei eldste naturnamna, der ein er usikker på tydinga. Namnet kan vera brukt om den låge høgda der kyrkja og tunet til garden med namnet Sola har lege frå gamalt.

Det kom tidleg folk til denne delen av landet vårt, og i Sola finn me mange spor etter menneske, frå steinalder, bronsealder, vikingtid og fram til i dag. Rike gravfunn, mange fornminne og spor etter store gardar fortel om gode tider attende til bronsealderen.

Tradisjonelt har Sola vore sterkt forankra i primærnæringsane jordbruk og fiske. I dei seinare åra har oljerelatert verksemd og annan industri overteke meir. Industri og tenesteytande næringsar har i dag om lag halvparten av sysselsettinga i kommunen. I 2007 hadde kommunen om lag 2,4 % sysselsett innan primærnæringsane, dei fleste av desse innan landbruk.² Heile 60 % av arealet i kommunen er dyrka mark. Det er stor innpendling til arbeidsplassane i Sola. 27 % av arbeidsplassane blei dekkja av netto innpendling i 2007, eit tal som er på veg oppover.³

Flyplassen på Sola blei etablert som Norges første sivile landflyplass i 1937, og var ny og moderne då krigen kom til Norge i 1940. Næringslivet i regionen hadde store forventningar og hadde ivra for å få til den nye flyplassen, men det var fleire grunnar til at aktiviteten dei første åra før krigsutbrotet ikkje svara heilt til forventingane.

Flyplassen gjorde imidlertid Sola til ein strategisk stad for okkupasjonsmakta under 2. verdskrig. Stor aktivitet og utbygging i krigsåra omforma og sette spor etter seg i Solasamfunnet for ettertida. Matjorda forsvann og mange Solabuer måtte forlata gardar og heimar på grunn av utbygginga. Allereie 13. april måtte 3000 Solabuar på kort varsel forlata heimane sine. Dei hadde med 6000 husdyr på flyttinga.⁴ Flyplassen blei utvida frå 580 mål i 1940 til om lag 10 000 mål i 1945. I dag dekkjer den sivile og militære aktiviteten på flyplassen om lag 4900 daa (mål).

Både i krigstid og i fredstid har sivil og militær flyaktivitet sett sitt preg på Solasamfunnet og regionen. Den



Arealet innafor den gule linja, ca 4900 mål, markerer flyplassområdet i kommuneplanen for Sola kommune.
Kart: Sola kommune – Virksomhet Arealbruk. Målestokk 1: 2000

politiske situasjonen etter 2. verdskrig med spenninga mellom aust og vest medførte stor aktivitet på Sola på 1950-talet. Den største aktiviteten på Sola flystasjon var i 1954/55 med ei personellstyrke på om lag 2000 mann og 100 fly. Aktiviteten brakte med seg tilflytting, folketalsauke og nye arbeidsplassar på fleire felt, t.d. var det trong for bustader, skular, utbygging av veg, vatn og



Kystkultursamlingen i Tananger held til i Melingsjøhuset frå 1851. Foto: John Olaf Grimstvedt, Jærmuseet



Kystkulturdag i mai 2009 med program for store og små. Kommunane Sola og Randaberg var lokale arrangørar i samarbeid med Jærmuseet. Kystkulturdagen var del av ei større landsomfattande markering av Kulturminneåret i samarbeid med Kystverkemusea.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet.

kloakk. Auka aktivitet på flyplassen i 1950- og 1960-åra hadde også negative sider som skapte reaksjonar, t.d. støyplager både frå sivile og militære fly.

Kommunen har ei spennande og variert historie å ta vare på og formidla vidare. Tre museum drivne på frivillig basis, har base i kommunen. På sine felt har dei alle gjort ein stor innsats for å ta vare på viktige sider ved Solahistoria.

KYSTKULTURSAMLINGEN i Melingsjøhuset i Tananger gir eit innblikk i korleis folk her levde tidlegare.

Her er ei utstilling med om lag 20 bruksbåtar frå 1800-talet, losskøyte og gjenstandar knytt til livet til havs og ved kysten. Museet starta med ei samling på Storevarden skole i 1982, men flytta til noverande stad etter få år.⁵

Dei to andre musea er FLYHISTORISK MUSEUM SOLA og ROGALAND KRIGSHISTORISK MUSEUM. I 2008 tok Sola kommune initiativ til at Jærmuseet skulle få ansvar for desse to musea på lik line med musea i dei andre stiftarkommunane. Både Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistorisk Museum er spesialmuseum med betydelege samlingar. Frå 2011 vil Jærmuseet truleg overta driftsansvaret for desse to. Me vil derfor gi desse to musea ein litt grundigare presentasjon i denne artikkelen.


KORT OM SJØFLYHAMNA

– Sola Sjø før det blei museum

Flyhistorisk Museum Sola har hovudbasen sin i sjøflyhamna i Sola. Sola var den første sivile landflyplassen i Norge, opna i 1937, to år før flyplassane på Fornebu



Sjøflyhamna i Sola Sjø med ekspedisjonslokale og flytebrygger. Her ser me m.a. Det Norske luftfartsselskap (DNL) sin Sikorsky S-43 «Valkyrien» LN-DAG og Widerøes Flyveselskap sin Stinson SR8 LN-BAR. *Fotosamlinga Flyhistorisk Museum Sola.*



Flyhistorisk Museum sine lokale i hangar 1 Sola Sjø.
Foto: Inger Smidt Olsen, Jærmuseet.



Flyhistorisk Museum har kontor, bibliotek og lagerrom i den såkalla 720-brakka i Sola Sjø. *Foto: Inger Smidt Olsen, Jærmuseet.*

og Kjevik. Litt lenger nord, i Sømmebukta blei det samstundes planlagt og bygd sjøflyhamn med eit lite ekspedisjonslokale og to flytebrygger. Seinare kom ny kai og opphalingsslipp for sjøfly litt lenger nord.

Det gamle ekspedisjonsbygget og brygga står framleis i sjøflyhamna, tett ved museumshangaren. Begge er viktige delar av det eldste bygningsmiljøet i Sola Sjø. Det gamle ekspedisjonsbygget representerer pionertida i norsk luftfart og er freda gjennom Avinors landsverneplan for kulturminne.

I 1939 truga mørke skyer over Europa og på grunn av den spente situasjonen blei det stasjonert militære flyavdelingar på Sola, Marinens og Hærens flygruppe.

Etter krigsutbrotet og angrepet på Sola 9. april 1940 etablerte dei tyske styrkane seg raskt med fly, utstyr og stor aktivitet. Flyplassen blei utbygd. I sjøflyhamna blei det sett opp verkstad og ein stor hangar. Etter krigen blei mange av bygningane etter tyskarane tatt i bruk av det norske forsvaret. Det gjaldt også museet sine noverande lokale, i hangar 1, i Sola Sjø. Rett etter krigen blei hangaren nytta av 333 skvadron som kom til Sola med Catalina sjøfly i 1945 / 46. Skvadronens oppgåver dei første åra var i hovudsak transportoppdrag langs kysten samt redningsteneste. Då Flyhistorisk Museum flytte inn i hangaren i 1985, var det Helikopter Service som hadde verkstad og lager her.

FLYHISTORISK MUSEUM SOLA (FMS)

Museet disponerer om lag 2/3 av Hangar 1 i sjøflyhamna i Sola. I tillegg har dei kontor, bibliotek og lagerlokale i den såkalla 720-bakka som tidlegare var vaktstasjon

for Sola Sjø. Hangaren blei bygd av tyskarane under 2. verdskrig.

Dei første museumsplanane oppstod i eit maritimt miljø i Stavanger Rederiforening. Dei ønska å heva ein miniubåt og gje denne i gåve til Stavanger Sjøfartsmuseum i samband med 40-årsmarkeringa for frigjeringa etter krigen. Dette lot seg ikkje gjera, men det kunne vera mogeleg å få opp eit fly som kunne nyttast under markeringa. Då måtte regionen sjølvstøtt få eit flymuseum, og prosessen var i gang.

Museet blei formelt stifta med konstituerande generalforsamling i 1984. Etter kort tid hadde dei fått klubblokale og lagerlokale, den gamle støttevingbrakka og hangar 0 i Sola Sjø. Året etter, i 1985, flytte museet og fekk plass i hangar 1 i Sola Sjø. Der held museet framleis hus. Plassen har gradvis blitt utvida med meir utstillingsrom, verkstad og kafélokale. Ivrigt entusiastar kasta seg utan frykt over oppgåvene med å byggja opp



Utstillinga til Flyhistorisk Museum Sola fotografert i 2004.
Foto: A. Sjurseike, Flyhistorisk Museum Sola.

eit museum. Medlemsmøta med foredrag og filmar var eit sosialt fellesskap der ein kunne bli kjend med nye folk, læra av kvarandre, og ikkje minst, drøfta tankar og idear om framtida for museet. Medlemmane deltok aktivt på utstillingar og flystemne, på det viset knytte dei kontaktar og fekk presentert eigne museumsplanar.

Sommaren 1987 var utstillinga i hangaren klar til å opna dørene for publikum. Dei føregåande åra var det eit høgt aktivitetsnivå og stor dugnadsinnsats med å skaffa fly og andre gjenstandar til museet, og ikkje minst til arbeidet med å få synt samlinga fram i ei utstilling.

I 1989 fekk all aktiviteten og innsatsen ei synleg påskjønning. Då mottok museet Sola kommune sin kulturpris. Same året blei museet gjort om til ei stifting og fekk med det ei fastare organisasjonsform. Heilt sidan starten har oppbygginga og utviklinga av museet vore drive fram av frivillig innsats og dugnad. I 2010 utgjer flysamlinga over 50 sivile og militære fly og større flydelar som museet eig eller har i deponi. FMS samarbeider med fagmusé og frivillige og har eit stort kontaktnett både innanlands og utanlands. For å tilpassa seg endringane i «Lov om Stiftelser», har museet frå 2006 vore organisert i ei venneforening som har det praktiske ansvaret for restaureringsarbeidet og dagleg drift, og stiftelsen FMS med det overordna og formelle ansvaret.

I Rogaland har fylkeskommunen lagt opp til at regionmusea skal ha hovudansvar for museumsstellet i sin region. Sidan 1997 har Jærmuseet difor hatt eit samarbeid med FMS gjennom konservatorstilling lagt til Jærmuseet. Jærmuseet sitt arbeid har vore knytt

til både samlingsarbeid, (ordning og katalogisering), dokumentasjon og formidling gjennom utstilling, undervisning og aktivitetsdagar. Jærmuseet har introdusert vitensenterelement som vindtunnel og varmluftsballong i utstillinga. Vitensenterelementa og pedagogikken blir nytta i Jærmuseet sitt undervisningstilbod på FMS, «Leik med luft» for 3.–5. klassetrinn og aktivitetsdagen «Luft under vingene» om hausten. Elevane som deltek i programmet blir inkludert i besøkstala ved FMS.

I 1996 sette Flyhistorisk Museum Sola besøksrekord med 11 079 gjester. Frå 1995 til 1999 låg besøks-talet variert mellom 4500 og 6000. I 2009 var 5777 betalende gjester innom museet, 1577 av desse var barn. Dei 158 elevane som deltok i Jærmuseet sitt formidlingsopplegg «Leik med luft» er inkludert i dette talet. I 2010 deltok 212 elevar i «Leik med luft», medan aktivitetsdagen i strålande solskin berre lokka 75 betalende gjester innandørs denne fine septembersøndagen.

ROGALAND KRIGSHISTORISK MUSEUM (RKM)

Rogaland Krigshistorisk Museum formidlar livet og kvardagen under krigen og held til i gamle militære bygningar i den tidligare Somaleiren i Sola. Muséet er ei privat stifting grunnlagt i 1989.

Kort om Soma leir før den blei museum

Soma leir blei etablert av den tyske okkupasjonsmakta. Etter krigen blei leiren nytta til internering av tyske soldatar. Dei tyske soldatane forlet området 1. juli 1946 og den norske Luftvernartillerigruppen overtok leiren.



- 1 70-årsjubileet til Stavanger lufthavn blei markert med flystemnet «Sola Air Show» i juni 2007. Flyhistorisk Museum synte fram fly og hadde ope museum under stemnet. Her ser me museets jettreningsfly «T-bird», Lockheed T-33A. *Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.*
- 2 Frå «Sola Air Show», juni 2007. Flyhistorisk Museum sin F-86 K Sabre, Luftforsvaret sitt første allværs jagerfly. *Foto Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.*
- 3 Publikum i djup konsentrasjon om Ivar Nakken sitt eksperiment på aktivitetdagen «Luft under vingene» i 2005. *Foto: Roar Henriksen, Flyhistorisk Museum Sola.*
- 4 Det er spennande å studera jagerflyet F5 Freedom Fighter på nært hald. *Foto: Roar Henriksen, Flyhistorisk Museum Sola.*

Frå 1951 til 1953 blei det oppført ei rekkje nye bygg i leiren. Byggearbeida blei avslutta sommaren 1953 mellom anna med mannskapsforlegningar på nordsida av rv 509. Leiren blei den sentrale utdanningsleiren for luftvernartillerigruppe Vestlandet. I 1976 overtok Rogaland Forsvarsdistrikt / Rogaland Infanteriregiment nr. 8 leiren. Her var køyretøyforvaltning, leiradministrasjon, teknisk verkstad og vêrvarslinga til flyplassen. Leiren blei nytta til fleire store repetisjonsøvingar.

Tre av RKM sine lokale på nordsida av vegen er frå denne tida. Brakkene har mellom anna vore brukt av stridsvogntroppar som var ein del av nærforsvaret til flyplassen. Utstillingsbrakka på nordsida av vegen og den raude lagerhallen på sørsida er bygd av tyskarane under krigen. Metallhallen blei bygd av Det norske forsvaret på 1980-talet.

Rogaland Krigshistorisk Museum (RKM)

– kort historikk

RKM dokumenterer og formidlar militære og sivile hendingar frå lokalsamfunnet under andre verdskrig. Utstillingane er bygd opp med gjenstandar, tekst, bilde og diorama. Muséet har også ei stor samling militære køyretøy.

Museet hadde sitt utspring frå Tananger Motorklubb i 1985. Der var interessa for militærhistorie vekt etter klubben hadde skaffa seg eit fransk beltekøyretøy. Ei lita gruppe starta museet og hadde si første krigsutstilling i den gamle bussgarasjen i Tananger.

I 1990 var museumsarbeidet kome så langt at dei kunne ha ei stor utstilling i Kongeparken heile sommar-


halvåret. Same året blei museet godkjent som privat stifting. I 1994 fekk RKM invitasjon til å delta i Sola kommune si markering av 50-årsjubileet for frigjeringa i Norge. I samband med dette stilte Rogaland regiment tre brakker i Somaleiren til rådvelde. Hit flytte dei i 1994. Jubileumsutstillinga blei opna 7. mai 1995.

Rogaland Krigshistorisk Museum har framleis base i desse lokala, men har etter kvart også fått plass i fleire bygg i Somaleiren, totalt seks bygg i 2010. Frå 21. desember 1999 overtok Sola kommune tomt og bygningar frå forsvaret og stilte dei til disposisjon for RKM. I tillegg til lokal krigshistorisk utstilling har museet ei stor samling unike militære køyretøy og tyngre utstyr. Alt arbeidet blir drive av frivillige på idealistisk grunnlag. Sola kommune gir tilskot til drifta. Museet har sundagsope og tar i mot ein del grupper på bestilling. Mesteparten av dei frivillige er yrkesaktive, derfor har museet begrensa kapasitet til å halda ope. I 2008 hadde museet 555 besøkande.

Rogaland Krigshistorisk Museum sine lokale i Somaleiren.

Foto: Allan B. Sørensen, RKM





1 Frå Somaleiren 1946. *Fotosamlinga Rogaland Krigshistorisk Museum.*

2 Butikkvindu med litt av vareutvalet frå krigsåra. Vesker og sko av papir eller fiskeskinn og tobakk dyrka i Noreg var vanleg.
Foto: Allan B. Sørensen, RKM.

3 Motstandsarbeid er eit av mange tema i utstillinga. *Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.*

4 M-88 Bergepanser. *Foto: Allan B. Sørensen, RKM.*

5 RKM har utstilt tyngre materiell og køyretøy i metallhallen. *Foto: Allan B. Sørensen, RKM.*

Jærmuseet har ikkje hatt noko fast samarbeid med Rogaland Krigshistorisk Museum før konsolideringsprosessen starta.

Tankar om framtida

Sola kommune har teke initiativ til eit tettare samarbeid mellom dei to musea i kommunen og Jærmuseet. Dette arbeidet er ikkje slutført hausten 2010. Eit mål med museumskonsolideringa i Sola er ei framtidig samlokalisering av dei to musea i eit attraktivt museumssenter. Dette er spennande tankar, men mykje arbeid står att, både med utvikling av planar og realisering.

Rogaland Krigshistorisk Museum sine lokale i Somaleiren er nedslitne og lite eigna til eit framtidig museumssenter. Området i Sola Sjø der FMS held til, har kvalitetar som på fleire vis gjer det veileigna til museums- og rekreasjonsområde. Partane ser for seg ei samlokalisering av Flyhistorisk Museum og Krigshistorisk Museum i Sømmevågen. Her er potensiale for utvikling av eit spennande museumssenter med store muligheiter for formidling både av krigs- og forsvarshistorie, luftfartshistorie og samferdsel. Fleire uavklarte faktorar spelar ei rolle for framtidig utvikling, m.a. eigedomstilhøva og vegplanar i området.

NOTER:

- ¹ Særheim, Inge: Stadnamn i Sola. Sola bygdeblad 26. 04.1985
- ² Kjelde: Landbrukskontoret i Sola v seksjonsleiar.
- ³ Kjelde: <http://www.ssb.no/kommuner/1124> (18.9.2010)
- ⁴ Helgesen, Jan P.: *Kampen om Sola* s. 107
- ⁵ Kjelde: <http://www.webloftet.no/pages/tananger.htm> (18.9.2010)

KJELDER:

- Helgesen, Jan P.: *Kampen om Sola*, Dreyer Bok, 1999.
- Lye, Kåre Arnstein: *Jærboka*, Naturmiljøet, bd. 1, Norsk Oikos A/S.
- Lye, Kåre Arnstein: *Jærboka*, Kulturhistoria bd. 3, Norsk Oikos A/S.
- Skjørestad, Per: *Sola 1930–2000* bd. I, Eige forlag 2002.
- Sola Flystasjon: *Militær aktivitet ved Sola Flyplass 1934–2002*.
- Flyhistorisk Museum Sola: *De første 10 år 1984–1994*.
- Rogaland Krigshistorisk Museum nettside: www.rkm.no.com
- Sola kommune nettside: www.sola.kommune.no
- Informasjon frå RKM v. Allan B. Sørensen.

Frå «Sola Air Show» 2007. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

